

**Fra:** Leif Arne Økland <lo799@kyrkja.no>  
**Sendt:** onsdag 27. september 2023 09:15  
**Til:** Post Austrheim  
**Kopi:** 'helge@dyrkolbotn.no'  
**Emne:** Val av kommunal representant til kyrkjeleg fellesråd

På terskelen til ein ny kommunestyreperiode, vil eg nytta høvet til å be om at kommunen oppnemner ein kommunal representant til det kyrkjelege fellesrådet.

Dette var tidlegare eit pålagt verv. No er dette blitt eit «kan» oppdrag. Vi vil likevel oppfordra kommunen til å oppretthalda den gode tradisjonen.

Austrheim sokneråd opererer innanfor ein såkalla «eittsoknskommune» og har såleis ein todelt funksjon, som eit råd som arbeider med reine soknerådssaker og saker som fell naturleg inn under fellesrådet.

Vi har gode erfaringar med å ha med ein kommunal representant i fellesrådet og vi meiner dette er med på å sikra ein god kontakt mellom kyrkja og kommunen.

Vedlagt er utdrag frå kyrkjeordningsreglane:

#### **.5 Valg av kommunens representant til kirkelig fellesråd**

Kommunen kan velge å sende en representant til kirkelig fellesråd, jf. kirkeordningen § 15 annet ledd. Kirkelig fellesråd skal anmode kommunen om å foreta valg av kommunens representant og vararepresentant til kirkelig fellesråd i henhold til kirkeordningen § 15 annet ledd. Representantene velges for samme periode som kommunestyret, jf. forskrift om valg av kirkelig fellesråd § 5. Kommunen bestemmer selv om de vil være representert, og hvem de skal være representert med. Kirkerådet erfarer likevel at det er en fordel for kirkelig fellesråds arbeid om den kommunale representanten er en av kommunens sentrale politikere, for eksempel et medlem av formannskapet, da det normalt gir best grunnlag for dialog og informasjonsflyt mellom kirke og kommune.

Mvh

Leif Arne Økland  
Kyrkjeverje Austrheim og Fedje Sokn

Mi adresse er: [lo799@kyrkja.no](mailto:lo799@kyrkja.no)  
Kontoradressa er: [post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no)